

SAK 15/24 MEDLEMSKAP I UNGT ENTREPRENØRSKAP BUSKERUD FOR HALLINGDAL**Saksopplysning:**

Ungt Entreprenørskap Buskerud (UE) ønskjer å formalisere samarbeidet med kommunane Hallingdal ved å inngå ei medlemsavtale.

UE er en ideell forening basert på medlemskap. Hallingdal var tidlig ute med å innleie eit samarbeid med UE og Hallingdal har vore nytta som «beste praksis» for å få med dei andre kommunene i fylket. Likevel er det slik at det no er formelt samarbeid (signert avtale) med 12 av 18 kommunar i Buskerud, men Hallingdal ikkje har signert avtale. Her har samarbeidet vore basert på periodiske vedtak i Regionrådet, men UE ønskjer at også Hallingdal får ei avtale som dei andre kommunane slik at samarbeidet blir så likt som mogeleg.

Vedlagt ligg forslag til medlemsavtale med utgangspunkt i avtalene med dei andre kommunane. Avtala fastslår at kvar einskilt av dei seks kommunene har medlemskap i UE Buskerud og at medlemskapet samla blir administrert av Regionrådet. Sjå vedlegg. Dette betyr ingen praktiske eller økonomiske endringar av samarbeidet pr. i dag, men ei formalisering som gjer at Hallingdal og reisten av fylket får ei mest mogleg lik avtale med UE.

Vurdering:

Dagleg leiar meiner avtala kan signerast slik den føreligg. I dag betalar kommunane gjennom Regionrådet kr. 300 000 pr. år, og det er ikkje foreslått endring på dette i avtala. Det er likevel grunn til å tru at medlemskontingenten, som skal fastsettast av årsmøtet i UE Buskerud den 9. april kan bli sett opp, då den ikkje er justert sidan 2018.

Forslag til vedtak:

Regionrådet vedtar Medlemsavtala med Ungt Entreprenørskap Buskerud

Hallingdal, 12. februar 2024

Jan Olav Helling
Dagleg leiar